



Hilde Lervik Helland  
Lervikvegen 80  
5936 Manger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6810 - 22/45912

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
21.06.2022

## **Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 458/1 Lervik**

**Tiltak:** Minireinseanlegg  
**Byggjestad:** GBNR 458/1 Lervikvegen 80  
**Tiltakshavar:** Thore Helland og Hilde Lervik Helland

Viser til vårt brev av 24.06.2020 der vi opplyste om at avløpsløyninga på eigedomen din ikkje tilfredsstillar dagens krav til godkjent anlegg og at eigedomen din ligg i eit område der det er krav til minireinseanlegg. Vi ba deg også om å utarbeide ei godkjent avløpsløyning innan utgangen av september 2020.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå deg innan fristen om at du har installert godkjent minireinseanlegg.

Dette er et førehandsvarsel om at vi vurderer å pålegge dykk å installere minireinseanlegg godkjent for bruk i følsamt område. Det betyr at du kan komme med fleire opplysningar innan 3 veker frå dette brevets dato. Om opplysningane ikkje endrar vårt syn på saka, vil du få eit nytt brev med eit pålegg kor vi setter ein frist for når de må ha retta forholdet. I pålegget kan vi og sette ein tvangsmulkt. Ein tvangsmulkt er eit pengebeløp som forfell om ein ikkje heldt fristen i pålegget.

### **Kommunens oppgåve og mynde**

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

### **Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt**

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensing» uten at det er gitt løyve».

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureininga, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

### **Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt**

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta og dokumentasjon på dette må sendast inn innan fristen gitt nedanfor. Utbetring må skje ved at det vert installert eit minireinseanlegg godkjent for bruk i følsamt område.

Vi varslar også at det kan bli fatta eingongsmulkt på kr. **10.000** og løpande dagmulkt på kr. **200**, dersom det ikkje er installert minireinseanlegg innan fristen. Dette er heimla i forureiningslova § 73.

Hugs at endring av utleppsløyve og etablering av minireinseanlegg er søknadspliktige tiltak. Du må derfor ta kontakt med godkjent røyrleggjar føretak som kan bistå i prosessen. Følgande sakshandsamingsfrister gjeld i Alver kommune:

- Søknad om endring av eksisterande utleppsløyve: opp til 6 veker
- Byggesøknad for etablering av minireinseanlegg: opp til 3 veker

### **Frist**

- Minireinseanlegg må være etablert innan **01.11.2022**.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

**Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.**

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

### **Aktuelt regelverk**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Kommunen har forureiningsmynde etter forureiningslova § 48
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hilde Lervik Helland  
Thore Helland

Lervikvegen 80  
Lervikvegen 80

5936 Manger  
5936 Manger